

Klimautviklinga på Hardangervidda gjennom holosen

Rekonstruert på grunnlag av analyser av innsjøsediment

Mastergradsoppgåve
i kvartærgeologi og paleoklima

Av

Odd Are Jensen



Institutt for geovitenskap

Universitetet i Bergen

Juni, 2009

Samandrag

Føremålet med oppgåva var å rekonstruere den holosene klimautviklinga på Hardangervidda basert på innsjøsediment. Det vart samla inn totalt 10 kjernar i Krækkja-området, i tillegg til ei kjerne av myrnsnitt på Øvrefetene, Finse. Det vart gjort glødetapsanalyse og måling av magnetisk susceptibilitet på kjernane. Tørrvekt, vassinnhald og glødetapsrest vart kalkulert i tillegg til glødetapet og den magnetiske susceptibiliteten. Kjernane frå Krækkja-området vart korrelert mot lokaliteten på Øvrefetene i tillegg til ei datert glødetapskurve frå Torbjørnstølen på Finse.

Resultata viste at glødetapet og den magnetiske susceptibiliteten i kjernane fluktuerte i motfase og glødetapskurva såg då ut til å best representere den organiske produksjonen i vatna.

Glødetapskurva frå Lappsteinsvatnet dekkja heile holosen og såg ut til å ha det beste klimasignalet. Denne vart då brukt til samanlikning med andre studiar frå området. Glødetapet viste ein høg grad av korrelasjon til både tregrense-fluktuasjonar på furu og resultat av andre studiar på innsjøsediment i området.

Lappsteinsvatnet såg ut til å ha ein høg organisk produksjon tidleg i holosen, med kraftige fall i produksjonen ved 8200 og 7900 kal. år før notid. Frå ca. 6000 kal. år før notid byrja produksjonen å verte mindre og flatar ut rundt 4000 kal. år før notid.

Samanlikning mellom glødetapskurva i Lappsteinsvatnet og variasjon i ulike klimapådriv gjennom holosen ser og ut til å vise like trendar.

Abstract

The aim of this study was to reconstruct the Holocene climate development at Hardangervidda based on lake sediment cores. Ten cores were collected in the Krækkja-area in addition to a core from a stratigraphic bog sequence from Øvrefetene, Finse. Loss-on-ignition analysis and measurement of magnetic susceptibility was made. Dry weight, water content and residue after ignition were calculated in addition to the LOI and MS. The cores from the Krækkja-area were correlated to the Øvrefetene site and to a dated LOI series from Torbjørnstølen, Finse.

The results show an anti-phasing between the loss-on-ignition and the magnetic susceptibility in the cores and the loss-on-ignition results seemed to best represent the organic production in the lakes.

The loss-on ignition curve from Lappsteinsvatnet covered the entire Holocene and seemed to have the best climatic signal. This core was therefore used to compare with other studies in the area. The LOI curve seems to correlate well to pine tree limit fluctuations and results from other studies on lake sediments in the area.

Lappsteinsvatnet seems to have a high organic production early in the Holocene with a couple of significant reductions in the organic production at 8200 and 7900 cal. years before present. From about 6000 cal. years before present the organic production seems to decrease before it levels out about 4000 cal. years before present.

As comparison between the LOI curve from Lappsteinsvatnet and the variations in climate forcing factors during the Holocene shows similar trends.

Forord

Ein stor takk til rettleiar Atle Nesje for god hjelp og ei alltid opa dør. Stor takk òg for hjelp med innsamling av kjernane.

Takk til Svein Indrelid og Hardangervidda prosjektet for økonomisk støtte til oppgåva.

Takk til Fredrik Skoglund og David Tuddenham frå Vitenskapsmuseet i Trondheim og Arild Marøy Hansen frå Sjøfartsmuseet i Bergen for hjelp med innsamling av kjernane.

Ein stor takk til min søster som har lese korrektur og til mine foreldre for økonomisk støtte i tronge tider.

Takk til Reidar Løvlie for opplæring og hjelp med magnetisk susceptibilitetsmålingar.

Innhald

Samandrag.....	3
Abstract	3
Forord.....	4
1. Innleiing.....	7
1.1. Geologien på Hardangervidda.....	7
1.2. Holosen klimautvikling i Noreg.....	8
1.3. Tidlegare arbeid i området.....	9
1.3.1. Tregrensefluktuasjonar på Hardangervidda etter siste istid.....	9
1.3.2. Holosene brefluktuasjonar på Hardangerjøkulen	9
1.3.3. Holosen klimautvikling i Trettetjørn.....	9
1.4. Innsjøar som klimaarkiv.....	10
1.4.1. Innleiing.....	10
1.4.2. Organisk innhald.....	11
1.4.3. Minerogent materiale	11
2. Områdeskildring	13
2.1. Krækkjaområdet.....	13
2.1.1. Store Krækkja	14
2.1.2. Krækkjaungen.....	14
2.1.3. Svåi.....	14
2.1.4. Lappsteinsvatnet	14
2.2. Øvrefetene.....	15
3. Metodar.....	17
3.1. Feltmetodar.....	17
3.1.1. Innsamling av materiale	17
3.2. Laboratoriemetodar	17
3.2.1. Glødetap.....	17
3.2.2. Vassinnhald og tørrvekt.....	19
3.2.3. Magnetisk susceptibilitet	20
4. Resultat.....	21
4.1. Kjernesildring.....	21
4.1.1. Vassinnhald og tørrvekt.....	21
4.1.2. Glødetap.....	24
4.1.3. Magnetisk susceptibilitet	38

4.1.4.	Alderskorrelasjon.....	43
5.	Diskusjon	55
5.1.	Utviklinga i vatna gjennom holosen	55
5.1.1.	Lappsteinsvatnet 1	55
5.1.2.	Svåi 2.....	56
5.1.3.	Store Krækkja 2	56
5.1.4.	Øvrefetene.....	56
5.1.5.	Klimautvikling gjennom holosen	57
5.2.	Samanlikning med andre klimadata	57
5.2.1.	Danntjørn.....	57
5.2.2.	Tregrensefluktuasjonar på Hardangervidda etter siste istid.....	58
5.2.3.	Trettetjørn	59
5.2.4.	Subfossile fururestar i fjellet i Sør-Noreg.	59
5.2.5.	”Den vesle istida”	60
5.3.	Moglege årsaker til holosene klimavariasjonar.....	60
6.	Konklusjon	63
7.	Referanseliste	65
	Vedlegg.....	69

Vidda ligg der som ei tre-bindts sogebok som storisen hadde grave ut or sengehalmen for 9000 år sidan. Eit soge-verk som ikkje er skrive med teikn frå noko kjent alfabet, men som no like fullt kan lesast. Tydinga tok tid. "Rosettesteinen" som gjorde det mogeleg å tyda hieroglyfane frå Vidda, er ei stutt formulering som lyder slik: Notida er nykjelen til fortida. Dagens framsyning kan setja deg og på sporet. – Johan Naterstad 1979, Vidda vert til.


1. Innleiing

1.1. Geologien på Hardangervidda

Det som i dag utgjer grunnfjellet på Hardangervidda (Figur 2) er restane av ei prekambrisk fjellkjede. Fjellkjeda vart etter kvart slipt ned til eit peneplan for ca. 600 millionar år sidan, kalla det subkambriske peneplanet. Etter dette følgde ein marin transgresjon 600-400 millionar år sidan, det vart då avsett marine og grunnmarine sediment på peneplanet. Under den kaledonske orogenese for 400 millionar år sidan vart store skyvedekker pressa inn over landet. Desse skyvedekka la seg då opp på dei marine sedimenta og danna blant anna fyllitt av leira. Etter landheving i tertiær og fleire istider i kvartær har skyvedekka og fyllitten i store områder blitt erodert vekk, men restane står igjen som toppar over vidda slik tilfellet er med Hallingskarvet og Hårteigen (Naterstad, 1979; Helland-Hansen, 2004) (Figur 1).



Figur 1. Som ein rest av skyvedekket stikk Hårteigen opp frå vidda (frå wikipedia.no).



Figur 2. Den geologiske utviklinga på Hardangervidda. (Helland-Hansen, 2004)

1.2. Holosen klimautvikling i Noreg

Holosen er rekna som perioden etter siste istid, ca. 11 700 kal. år før notid, og fram til i dag. I følge Nesje et al. (2005) var første delen av holosen prega av generelt varmt klima avbrote av nokre få plutslege klimaforverringar rundt 10.000 og 9700 kal. år før notid, kalla Erdalen event 1 og 2. Ei slik hending fant òg stad rundt 8200 kal. år før notid. Den vert i Sør-Noreg kalla Finse event og er kopla til 8,2 BP event i iskjernane på Grønland (Nesje et al., 2006). Det er funne spor av Finse event i fleire innsjøkjernar i Sør-Noreg, dei framstår då oftast som ei dobbel hending, den første rundt 8200 kal. år før notid og den andre ca. 7900 kal. år før notid (Nesje et al., 2004; Nesje et al., 2006). Varmeperioden tidleg i holosen har blitt kopla til auka sommarinnstråling på nordlege halvkule, medan dei store klimaoscillasjonane har blitt kopla til plutsleg og rask tømning av bredda innsjøar rundt slutten av siste istid (Nesje et al., 2004). I perioden mellom ca. 8000 kal. år før notid og 4000 kal. år før notid var dei fleste breane i Sør-Noreg heilt eller delvis vekksmelte (Dahl og Nesje, 1994, 1996). I perioden frå 6500-3000 kal. år før notid var det ei generell senking av temperaturen (Velle et al., 2005) og i perioden mellom 6000 og 4000 kal. år før notid vart dei fleste av breane i Sør-Noreg danna og har eksistert samanhengande fram til i dag (Dahl og Nesje, 1994, 1996). Dei fleste norske breane hadde si maksimale neoglasiale utbreiing under "den vesle istida" mellom 1550 og 1850 år e. Kr (Nesje og Dahl, 2003; Nesje et al., 2008).

1.3. Tidlegare arbeid i området

1.3.1. Tregrensefluktuasjonar på Hardangervidda etter siste istid

Som del av det førre Hardangervidda prosjektet i 1970-1974 (Johansen, 1973) vart det kartlagt og karbondatert subfossile trestubbar hovudsakleg på furu i myrer og tjern over dagens tregrense. Ut frå 24 karbondateringar; 15 på furu, 6 på bjørk og 3 på vier konkluderte Moe (1979) med at furu hadde sin maksimale utbreiing på Hardangervidda ca. 8000 ¹⁴C år før notid. Frå 8000 ¹⁴C år før notid byrja ei senking av tregrensa fram mot 4500 ¹⁴C år før notid, berre avbrote av ein midlertidig ekspansjon mellom 5300 og 4800 ¹⁴C år før notid. Moe (1979) sine dateringar har i her blitt kalibrerte og brukt til samanlikning.

1.3.2. Holosene brefluktuasjonar på Hardangerjøkulen


Dahl og Nesje (1994, 1996) studerte Hardangerjøkulens fluktuasjonar gjennom holosen på bakgrunn av fire innsjø- og terrestriske lokalitetar. Dei konkluderte med at innlandsisen forsvann frå området ca. 9100 ¹⁴C år før notid. Etter dette var det eit breframstøyt kopla til Erdalen event som kulminerte ca. 8600 ¹⁴C år før notid. Breen trekte seg deretter tilbake til bak dagens brefront før den igjen hadde eit framstøyt som kulminerte 7590±120 ¹⁴C år før notid. Deretter smelta breen tilbake og var totalt vekksmelta før 7560±100 ¹⁴C år før notid. Utanom at ein bre mindre enn dagens eksisterte mellom 6300 og 5300 ¹⁴C år før notid, var Hardangerjøkulen vekksmelta fram til 4800 ¹⁴C år før notid. Perioden mellom 4800 og 3800 ¹⁴C år før notid var prega av høgfrequente brefluktuasjonar frå små lokale brear. Sidan 3800 ¹⁴C år før notid har brear eksistert kontinuerleg på Hardangerjøkulen plataet. Frå 2900 ¹⁴C år før notid fann dei glasialt smeltevassediment frå desse breane i toppen av alle undersøkte lokalitetar langs dagens dreneringssystem. Før "den vesle istida" hadde Hardangerjøkulen to små oscillasjonar rundt 1100 og 700 ¹⁴C år før notid. På Blåisen fann dei at framstøytet under "den vesle istida" ha ein maksimal alder på 575±75 ¹⁴C år før notid.

Dahl og Nesje (1996) rekonstruerte og vinternedbør over Hardangerjøkulen. Dei konstruerte ei holosen ELA-kurve for Hardangerjøkulen og brukte tregrenser frå furu i Skandesfjella og Hardangervidda som separat prokxy for temperaturar i ablasjonssesongen. Dei konkluderte med at i periodane 10000-8300, 7200-6200, 5700-5300, og 4700-4200 kal. år før notid eksisterte brear på Hardangerjøkulplataet på grunn av mykje vinternedbør. Periodar med lite nedbør gjennom holosen var før 10000 kal. år før notid og mellom 8300-7400, 6100-5700, 5200-4600 og 4200-4000 kal. år før notid, og rett etter "den vesle istids" maksimum. I perioden mellom 8200 og 7850 kal. år før notid førte lite vinternedbør og høge sommartemperaturar til at alle brear i Sør-Noreg smelta vekk ein gong før 7850 kal. år før notid.

1.3.3. Holosen klimautvikling i Trettetjørn

Trettetjørn er ein liten innsjø ved Upsete vest for Hardangervidda. Larsen et al. (2006) rekonstruerte miljøet i og rundt vatnet gjennom holosen ved å studere sedimentkjernar. Dei delte vegetasjonsutviklinga for vatnet inn i 6 fasar (Figur 3). Fase 1 var ein deglasiasjons- og pionérfase og strekte seg frå 8575 til 8270 kal. år før notid. I den fasen var sommartemperaturen relativt låg med to minima med aldrar på 8400 og 8200 kal. år før notid. Desse minima kopla Larsen et al. (2006) til Finse-event. Årleg nedbør var på sitt lågaste gjennom holosen i denne perioden, med unntak av under Finse-event då nedbøren på Hardangerjøkulen kan ha auka til ca. 160% av dagens verdiar (=100%). Fase 2 var prega av bjørke-etablering og strakk seg frå 8270 til 7760 kal. år før notid.

Sommartemperaturen steig medan den årlege nedbøren heldt seg lik med førre fase. Fase 3 var prega av stabilt vegetasjonsdekke og sommartemperatur-maksimum, denne fasen strekte seg fram til 5200 kal. år før notid. Sommartemperaturane låg stabilt mellom 12 og 13 grader Celsius, med den varmaste perioden mellom 7500 og 7000 kal. år før notid. Den årlege nedbørsmengda steig jamt fram mot 6800 kal. år før notid før den flata ut og byrja å variere meir mot slutten av fasen. Fase 4 frå 5200 til 4175 kal. år før notid var prega av høg sommartemperaturvariabilitet. Den årlege nedbøren auka noko i denne perioden, medan sommartemperaturane varierte mykje, Larsen et al. (2006) kopla dette til ei utvikling av eit meir oseant klima og utvikling av myrer. Fase 5 frå 4175 til 1555 kal. år før notid var prega av ein kraftig nedgang i sommartemperaturen til verdiar under dagens. I same perioden var det og ein auke i den årlege nedbøren. Den siste fasen frå 1555 kal. år før notid fram til i dag var sterkt prega av menneskeleg påverknad.



Figur 3. Glødetap, sediment bulk tettleik, diatomé-basert pH, Hills N2 for diatomear og diatomé konsentrasjon, DCA prøve resultat for diatomear, PCA prøve resultat, og DCA prøveresultat for midd samansetning, estimert gjennomsnittleg juli temperatur og årleg nedbør for Trettetjørn plotta mot kalibrerte aldrar. Fasane nemnt i teksten er indikert til høgre i figuren. (Larsen et al., 2006).

1.4. Innsjøar som klimaarkiv

1.4.1. Innleiing

Innsjøsediment består hovudsakleg av tre komponentar: organiske stoff, ikkje karbonat klastisk materiale og ein eller fleire karbonatmineral. Det organiske materialet i innsjøsediment kan vere produsert i innsjøen, vaska inn frå elvar i dreneringsområdet og vindblåst frå omkringliggende område. Det minerogene innhaldet i innsjøar kan ha opphav i strandsone- og bølgeerosjon, iserosjon langs grunne område, transport av smeltevatn frå bre, fluvial erosjon av sediment langs elvar i dreneringsområdet, resedimentasjon av materiale ved "slumping" og turbidittstraumar, og vindblåst materiale. Skråningsprosessar som innvasking frå bekkefår, grove massestraumar og sørpeskred kan og bidra til minerogen og organisk sedimentasjon i innsjøar på grunn av erosjon av jordsmonn og klastisk materiale i dreneringsområdet. I proglasiale innsjøar vil den høge variasjonen i minerogen tilførsel til det lakustrine miljøet vere høgare enn den interne variasjonen av produksjon av organisk

innhald. I slike innsjøar vil då forholdet mellom organisk og minerogent innhald hovudsakeleg reflektere den alloktone glasiale tilførselen. Om dei dominerande prosessane som bidrar med minerogent materiale vert identifiserte, kan ein rekonstruere prosessar i dreneringsområdet ved å studere lakustrine sediment. (Nesje et al., 2004)

1.4.2. Organisk innhald

Dei organiske komponentane i innsjøsediment gjev fleire indikatorar som kan bli brukt til å rekonstruere tidlegare miljømessige variasjonar i innsjøar og deira dreneringsområde. Det organiske materialet har opphav i organiske komponentar som til dømes lipidar karbohydratar, proteinar produsert av organismar som har levd i eller rundt innsjøen (Meyers og Teranes, 2001).

Organisk innhald som stammar frå plantar vert gradvis endra til humus gjennom fysisk fragmentasjon, faunale og mikrofaunale bindingar, mineralisering og andre prosessar for humusdanning.

Små høgfjellsinnsjøar i område med krystallint grunnfjell, med lite vegetasjon og tynt jordsmonn, få eller ingen innløp, og avgrensa akvatisk makrofytt-flora er som oftast godt eigna fordi faktorane som påverkar glødetapssignalet er avgrensa (Nesje et al., 2004).

1.4.3. Minerogent materiale

Den magnetiske susceptibiliteten til lakustrine sediment er ein nyttig indikator på erosjon og transport av klastiske sediment i innsjøar sitt dreneringsområde (Ian Snowball, 1990; Snowball et al., 1999). Magnetisk susceptibilitet reflekterer vanlegvis konsentrasjonen av magnetiske mineral (Thompson, 1986). Kaldt klima utan eit stabiliserande vegetasjonsdekke og eller brear i dreneringsområdet vil bidra til høg susceptibilitet på grunn av auka erosjon og avsetting av minerogent sediment (Stockhausen og Zolitschka, 1999; Nesje et al., 2000; Nesje et al., 2001). Mineral magnetiske målingar har blitt brukt i kombinasjon med andre fysiske sedimentparameter som ein indikator på glasial aktivitet (Nesje et al., 2004 og referansar i denne). Auka glasial aktivitet i dreneringsområdet er assosiert med auka erosjon og sedimentasjon av klastiske sediment og dermed auke av minerogent innhald, noko som òg vil vere reflektert i glødetapet. Periodar med ingen eller redusert breaktivitet i dreneringsområdet er karakterisert av låg produksjon av klastisk materiale av glasialt opphav. Auka magnetisk susceptibilitet har derfor blitt kopla til mengda alloktont klastisk materiale transportert inn i ein innsjø (Thompson et al., 1975). Høge magnetisk susceptibilitetsverdiar kan òg reflektere auka tilførsel av minerogent materiale i innsjøen grunna overflateavrenning under stormar, flaumar og masserørslehendingar som snøskred og grove massestraumar frå kringliggande dalsider (Nesje et al., 2004).

2. Områdeskildring



Figur 4. Oversiktsbilete av Sør-Noreg med feltområdet merka med raudt rektangel. Andre lokalitetar nemnde i teksten er med i rødt. (Frå Norge i Bilder).

2.1. Krækkjaområdet



Figur 5. Oversiktsbilete av Krækkjaområdet med plassering av kjernane (frå Norge i Bilder). Figuren viser eit område på 6,5x3,8 km.

Prøvene er samla inn på Hardangervidda, eit høgfjellsplatå i Sør-Noreg (Figur 4). Temperaturdata frå Finse (1224 m o.h.), ca. 20 km nord vest for Krækkja, viser ein gjennomsnittleg sommar temperatur på 6,3°C og ein gjennomsnittleg juli temperatur på 7,0°C i perioden 1961-1990 e.Kr. (eklima.met.no). Kjernane er tekne frå tre vatn, Storekrækkja, eit tjern på Svåi og Lappsteinsvatnet. I Store Krækkja vart prøvane teke i tre ulike delar av vatnet, Storekrækkja, Kristenvike og Krækkjaungen (Figur 5). I Tabell 1 er informasjon om kjernane og vatna oppsummert. Berggrunngeloen i området består hovudsakleg av grunnfjell og omdanna bergartar av protorozoisk alder. Store-Krækkja ligg på grensa mellom eit område i nordaust som inneheld gneisar av ulik samansetning og middels til grovkorna granitt i sørvest. Lappsteinsvatnet ligg i eit område som består av gneisar av ulik samansetning. (Sigmond, 1984). Sør for Krækkja er det eit område som består av fyllitt, glimmerskifer og grafittaldig fyllitt med sandige og siltige lag som truleg drenerer til Krækkja. Sørøst for Lappsteinsvatnet består Krækkjahæa av grafittaldig fyllitt med sandige og siltige lag, dette ligg mest truleg utom dreneringsområdet til i Lappsteinsvatnet (Thoresen, 1991).

Tabell 1. Informasjon om kjernar.

Kjerne	Vatn	Breidde vatn/bukt	Lengde vatn/bukt	Areal vatn/bukt m ²	Areal dreneringsområde	Innlaup	Utløp	Djup	Lengde	UTM	m o.h.	Dato
Lappsteinsvatnet1	Lappsteinsvatnet	220	320	37000	1,6 km ²	2 små i sør og vest	1 i nord	1 m	68 cm	6701204349	1153	14.aug.07
Lappsteinsvatnet2	Lappsteinsvatnet	220	320	37000	1,6 km ²	2 små i sør og vest	1 i nord	1 m	43,5 cm	6701204349	1153	14.aug.07
Store Krækkja1	Store Krækkja	2000/400	3500/1000	4 km ² /400000	15 km ²	1 stort i vest	ingen	8,3 m	32,5 cm	4291026702199	1151	07.aug.07
Store Krækkja2	Store Krækkja	2000/400	3500/1000	4 km ² /400000	15 km ²	1 stort i vest	ingen	8,3 m	33,5 cm	4291026702199	1151	07.aug.07
Svåi1	Svåi	50	110	5000	20000 m ²	ingen	ingen	0,9 m	22,5 cm	6703830431798	1155	08.aug.07
Svåi2	Svåi	50	110	5000	20000 m ²	ingen	ingen	0,9 m	24 cm	6703830431798	1155	08.aug.07
Kristenvike1	Store Krækkja	2000/400	3500/400	4 km ² /25000	15 km ²	ingen, del av Store Krækkja	ingen	6,5 m	27 cm	4316956702958	1151	08.aug.07
Kristenvike2	Store Krækkja	2000/400	3500/400	4 km ² /25000	15 km ²	ingen, del av Store Krækkja	ingen	6,5 m	32,5 cm	4316956702958	1151	08.aug.07
Krækkjaungen1	Store Krækkja	2000/460	3500/750	4 km ² /340000	15 km ²	1 nordvest, kontakt Store Krækkja over grunn terskel	1 i aust mot Vesle Krækkja	4,1 m	26,5 cm	432700966010	1151	09.aug.07
Krækkjaungen2	Store Krækkja	2000/460	3500/750	4 km ² /340000	15 km ²	1 nordvest, kontakt Store Krækkja over grunn terskel	1 i aust mot Vesle Krækkja	7,6 m	39,5 cm	432700966010	1151	09.aug.07

2.1.1. Store Krækkja

Store Krækkja er eitt ca. 3500 meter langt og 2000 m breitt vatn som ligg på 1151 meters høgd over havet med eit areal på ca. 4 km². Vatnet har eit større innlaup i vest og drenerer over i Krækkjaungen i aust over ein grunn terskel. Kjernane i Store Krækkja vart innhenta 7. og 8. august 2007 frå vika utfor Krækkja turisthytte (Store Krækkja 1 og 2) og i Kristenvike nord i vatnet (Kristenvike 1 og 2). Vatnet er relativt grunt og kjernane vart tekne på 8,3 og 6,5 meters djup (Figur 5).

2.1.2. Krækkjaungen

Krækkjaungen er eit vatn som er omtrent 800 meter langt og 450 meter breitt. Vatnet har kontakt med Store Krækkja over eit par smale og svært grunne sund og drenerer ned i Veslekrækkja i aust gjennom ei kort elv. Kjernane i Krækkjaungen (Krækkjaungen 1 og 2) vart innhenta 9. august 2007. Dei to kjernane vart tekne på 4,1 og 7,6 meters djup (Figur 5).


2.1.3. Svåi

Det 5000 m²store tjernet på Svåi ligger nord for Kristenvike på omtrent 1155 meter over havet. Tjernet er om lag 110 meter langt, 50 meter breitt og tjernet har ingen større innlaup eller utløp (Figur 5). Kjernane (Svåi 1 og 2) er tekne på omtrent 90 cm vassdjup den 8. august 2007.

2.1.4. Lappsteinsvatnet


Lappsteinsvatnet ligg ca. 3 kilometer aust for Store Krækkja. Det har ei lengde på om lag 300 meter, breidde på om lag 200 meter og eit djup på ca. 1 meter. Vatnet har to små innlaup i sør og vest og eit utløp i nord og ligg på 1153 meter over havet med eit areal på ca. 37.000 m². To kjernar (Lappsteinsvatnet 1 og 2) vart innhenta her 14. august 2007 (Figur 5).

2.2. Øvrefetene



Figur 6. Over: Oversiktsfigur for Finse med Torbjørnstølen lokaliteten innteikna. Området dekket av figuren er ca. 4,4x3,4 km. Under: Oversiktsfigur for Øvrefetene lokaliteten framom Blåisen. (frå Norge i Bilder)

Øvrefetene-lokaliteten er eit torvsnitt i elveskjæring i området framom Blåisen, Hardangerjøkulen (Figur 6). Snittet er tidlegare skildra av (Dahl og Nesje, 1994). Lokaliteten tek imot glasifluviale sediment i episodar når Blåisen når framom eit lokalt passpunkt ca. 100 m framom dagens brefront (Figur 7). Glødetapsdata frå Torbjørnstølen på Finse vert òg nytta til korrelering seinare i oppgåva (Figur 6).



Figur 7. Skildring av snittet på Øvrefetene (Dahl og Nesje, 1994).

3. Metodar

3.1.Feltmetodar

3.1.1. Innsamling av materiale

Krækkja



Figur 8. Venstre; Dykkarar vart nytta til å hente opp kjernane, her Fredrik Skoglund i tjernet på Svái. Midten; Når kjernen kom på land vart flasketoppen fjerna og kjernen delt opp i halvcenimeter tjukke skiver (høgre). Foto Odd Are Jensen

Prøvene frå Krækkja-området vart samla inn i august 2007. Prøvene vart samla inn i eit plastrør frå ein prøvetakar laga av HTH Teknik, Umeå, Sverige (Renberg, 1991). Toppen av ei brusflaske vart festa til toppen av røret. Dykkaren dykka ned til botnen og fann det best eigna området for prøvetaking, eit flatt område utan teikn til forstyrring, og pressa røret ned i sedimenta (Figur 8). Før røret vart drege ut av sedimenta vart korken skrudd på flasketoppen slik at det vart danna eit vakuum ("Bruskork-metoden", Søyland, 2005). Før dykkaren kom opp vart det sett i eit stempel i botnen på røret for å hindre materialet i å renne ut. Video av dette laga av Fredrik Skoglund er vedlagt som CD i slutten av oppgåva.

Totalt 10 kjernar frå 5 lokalitetar vart henta inn, og kjernane vart delt for kvar 0,5 cm og lagt i tette plastposar i felt. Prøvene vart lagra mørkt og kaldt i tette plastposar fram til laboratoriearbeidet vart gjort våren og sommaren 2008.

Øvrefetene

Torvprøvene frå Finse vart henta 23. september 2008. Snittet vart reinsa før ei skinne på 70x2,5x1,5 cm vart pressa inn og skore ut.

3.2.Laborariemetodar

3.2.1. Glødetap

Glødetap (LOI) er den mest brukte metoden for måling av organisk innhald i innsjøsediment. Tolking av glødetapssignal kan vere komplekst sidan resten etter gløding kan bestå av varierende mengder uorganiske mineral, karbonatar og biogent silika (diatoméar) (Battarbee et al., 2002). Glødetapet kan òg vere påverka av varierende tilførsel og bevaring av organisk materiale i tillegg til at det kan vere

kontrollert av variasjon i minerogen sedimentasjon. Både uorganisk og organisk materiale kan vere produsert i og/eller rundt innsjøen.


Variasjonar i akkumulasjonsraten av organisk sediment i ein innsjø speglar i stor grad produksjonen i innsjøen og dreneringsområdet. Sidan t.d. trevekt i dreneringsområdet kan medføre ei senking av organisk akkumulasjon i innsjøen (Velle et al., 2005), er innsjøar der størstedelen av den organiske akkumulasjonen er autokton å føretrekke. I høg fjellsinnsjøar vil den organiske produksjonen hovudsakleg vere styrt av lengda på den isfrie perioden og sommartemperaturar (Livingstone, 1997).

Organisk materiale byrjar å brenne ved rundt 200°C og er totalt brent når omnen når ein temperatur på ca. 550°C. Den høge korrelasjonen ($r > 0.95$) mellom glødetap av organisk materiale og prosent organisk karbon bestemt kromatografisk viser at glødetap er eit godt mål på mengda organisk innhald i ein prøve (Dean, 1974; Snowball og Sandgren, 1996).

Ifølge Dean (1974) vil det meste av kalsiumkarbonatet ha gått over til CO₂ før det har nådd 850°C. Eventuell dolomitt i prøven vil fordampe før dette. Sutherland (1998) føreslo at strukturelt vatn kan forsvinne frå metall oksid på temperaturar ned til 280-400°C. Leire inneheld normalt sett opp mot 5% gitter OH vatn som ikkje vil bli fjerna før det vert oppvarma til mellom 550 og 1000°C. Glødetap frå 550-950°C vil dermed innehalde signifikante mengder krystall vatn i prøvar som har lågt karbonat og høgt leireinnhald.

Uorganisk karbon kan gå tapt på temperaturar mellom 425 og 520°C frå mineral som sideritt, magnesitt og rodochrositt. (Weliky et al., 1983; Sutherland, 1998). Det er òg mogleg at det er tap av volatile saltar rundt 550°C (Bengtsson og Enell, 1986). Glødetapsmetoden kan ikkje bestemme kva for karbonatmineral som er tilstades. Ulike karbonatmineral vil danne CO₂ på litt forskjellige temperaturar og dei kan ikkje skiljast med denne metoden. Glødetap gjev berre totalt karbonatinnhald.

Diatoméar er fotosyntetiske algar som utskiljer biogent silika (SiO₂ n H₂O) som eit indre skjelett. Måling av biogent silika reflekterer den sedimentære mengda av diatoméar, som er eincella algar, som normalt sett dominerer innsjøar sin primære produktivitet (Wetzel, 2001). Biogent silika vil under glødetapsanalyse ikkje brenne slik at ein periode med lågt glødetap kan representere ein periode med høg diatoméproduksjon i innsjøen (Nesje et al., 2004) (Figur 9).



Figur 9. Glødetap og biogent silika variasjonar i Danntjørn (Nesje et al., 2004).

Glødetapsanalysane vart utført ved hovudlaboratoriet ved Institutt for geovitskap ved Universitetet i Bergen. Metoden følgjer Heiri et al. (2001). 10 ml sediment vart teke ut frå kvar halve centimeter i kjernane og plassert i keramiske diglar for veging. Våttvekt av prøvane vart kalkulert ved å trekkje frå digelen si vekt. Prøvane vart deretter sette i tørkeskap på 105°C i minimum 12 timar. Etter nedkjøling til romtemperatur vart prøvane vege igjen for å måle vassinnhald og tørrvekt. Prøvane vart deretter sette til gløding, utsett for gradvis stigande temperaturar opp til 550°C der dei vart brende i 1 time. Etter nedkjøling i eksikator til romtemperatur, vart prøvane vege igjen og glødetapet kalkulert. Usikkerheita i prøvane er gjerne mest knytt til ekstraksjon av prøva frå posen. Ved at dette skjer med sprøyte vil ein i enkelte tilfelle få eit kunstig høgt vassinnhald på grunn av at vatn strøymer lettare inn i sprøyta.

Tabell 2. Samandrag av variasjon i glødetap og magnetisk susceptibilitet i innsjøkjernar med mulige tolkingar.

Glødetap	Ms	Tolking
+	+	Auka produksjon, auka minerogen innfluks. Alternativt redusert diatomé vekst.
-	+	Auka minerogen innfluks
+	-	Auka organisk produksjon
-	-	Auka diatomevekst

I ein av kjernane vart det og gjort glødetap opp til 950°C for å estimere innhaldet av karbonatar.

Prøvane frå torvsnittet på Øvrefetene vart delt opp i 0,5 cm tjukke bitar og glødetapsanalyse vart deretter utført som for innsjøprøvane.

3.2.2. Vassinnhald og tørrvekt

Vassinnhaldet i sedimenta vert påverka av faktorar som organisk materiale, sedimenttettleik, partikkelstorleik og porøsitet (Menounos, 1997). Vassinnhaldet er nært knytt til organisk materiale (Håkanson, 1983) og vassinnhaldet kan brukast som eit mål på organisk produksjon (Menounos, 1997). Tørrvekta er blant anna bestemt av sedimenttype og kompaksjon, og er i hovudsak inverst korrelert til vassinnhaldet.

3.2.3. Magnetisk susceptibilitet


Magnetisk susceptibilitet (MS) reflekterer mengda av magnetiske mineral i sedimenta, som igjen hovudsakleg indikerer minerogen erosjon og transport i dreneringsområdet til innsjøen (glasial, eolisk, fluvial) (Snowball og Thompson, 1990; Nesje et al., 2000) . Andre kjelder til magnetiske mineral kan vere tilførsel av sekundære magnetiske mineral danna i jordsmonnet (Oldfield et al., 1983) og jernutfellande bakteriar (Økland, 1998).

Måling av magnetisk susceptibilitet vart gjort på Reidar Løvlie sitt laboratorium på Institutt for geofag på ein Kappabridge KLY-2. Kvar enkelt pose (0,5 cm) med sediment vart her målt og oppgitt i 10^{-6} SI, og seinare kalkulert ut frå varierende vekt på prøvane. Problem knytt til målingane er blant anna knytte til ufullstendig kalibrering av målebeger mellom kvar prøve, grunna forureining frå tidlegare prøvar.

Standardiserte kurver for glødetapet og den magnetiske susceptibiliteten (Figur 22; Figur 23; Figur 24) vart genererte for lettare å oppdage faseendring. Om ei faseendring vart oppdaga vart korrelasjonskoeffisientane for periodane med forskjellig fase og utrekna (Tabell 3; Tabell 6).

4. Resultat

4.1. Kjerneskioldring



Figur 10. Lappsteinsvatnet 1 kjernen rett etter innhenting, lyse lag i kjernen korrelerar til episodar med lågt glødetap. Toppen av kjernen er til venstre. Foto: Atle Nesje.

Kjernerne vart delt opp i felt og ei nøyaktig litostratigrafisk skildring var dermed ikkje mogleg. Kjernerne består av hovudsakleg homogen gytje utan store variasjonar i farge eller struktur. Unntaket var Lappsteinsvatnet 1 kjernen, som rundt 40 cm endra seg til ein meir brunleg farge, og mellom 50 og 60 cm er det to meir grålege lag på ca. ein cm kvar. Dei nedste 6-7 cm i kjernen består av svakt laminerte grå sediment (Figur 10). Glødetaps- og magnetisk susceptibilitetsdata er vedlagt i slutten av oppgåva og på CD.

4.1.1. Vassinnhald og tørrvekt

Lappsteinsvatnet 1

I Lappsteinsvatnet 1 kjernen (Figur 11) varierer vassinnhaldet mellom 2429 vektprosent øvst i kjernen til 30 vektprosent nedst. Det er lokale minimumspunkt i vassinnhaldet ved 16 cm på 420 %, ved 25,5 cm på 477 %, ved 39,5 cm på 399 %, ved 54 cm på 260 % og ved 57 cm på 192 %. Lokale maksimumsverdiar finn ein ved 13 cm djup på 894 %, ved 28 cm på 1060 %, ved 35 cm på 1292 % og ved 42,5 cm på 977 %.

Tørrvekta (Figur 11) varierer mellom 3,95 og 76,42 vektprosent frå øvst til nedst i kjernen. Lokale maksimumspunkt i tørrvekta fell saman med minimumsverdiane i vassinnhaldet: 16 cm – 19,21 %, 25,5 cm – 17,32 %, 39,5 cm – 20,03 %, 47,5 cm – 19,85 %, 54 cm 27,71 % og 57 cm – 34,17 %. Dei lokale minimumspunkta fell òg saman med vassinnhaldet sine maksimumspunkt; 13 cm -10,06 %, 28 cm – 8,62 %, 35 cm – 7,24 % og 42,5 cm – 9,28 %.

Vassinnhaldet og tørrvekta har ein korrelasjonskoeffisient over heile kjernen på -0,67. I dei øvste 40 cm er det ein korrelasjonskoeffisient på -0,87 og i nedre del -0,84 (Tabell 3).

Lappsteinvatnet 2

I Lappsteinsvatnet 2 kjernen (Figur 12) varierer vassinnhaldet mellom 1503 % i toppen og 716 % i botnen. Lokale maksimumsverdiar er ved 7,5 cm på 1296 %, ved 16,5 cm på 1055 %, ved 29,5 cm på 1733 %, ved 38,5 cm på 1755 % og ved 39,5 cm på 1820 %. Lokale minimumsverdiar opptre ved 4,5 cm på 782 %, ved 10 cm på 607 %, ved 20,5 cm på 369 %, ved 24,5 cm på 552 %, ved 30,5 cm på 698 % og ved 34 cm på 876 %.

Tørrvekta i kjernen (Figur 12) varierer mellom 6,24 % øvst til 15,13 % nedst. Lokale maksimumsverdiar fell saman med dei lokale minimumsverdiane i vassinnhaldet på 4,5 cm – 11,33 %, 10 cm – 14,13 %, 20,5 cm – 21,29 %, 24,5 cm – 15,32 %, 30,5 cm – 12,52 %, 34 cm – 10,24 %, 42 cm – 12,25 %. Minimumsverdiar fell saman med lokale maksimumsverdiar i vassinnhaldet; 7,5 cm – 7,16 %, 16,5 cm – 8,65 %, 29,5 cm – 5,46 %, 38,5 cm – 5,39 % og 39,5 cm – 5,21 %.

Vassinnhaldet og tørrvekta i kjernen har ein korrelasjonskoeffisient -0,93 (Tabell 4).

Svåi 1

I Svåi 1 kjernen (Figur 13) varierer vassinnhaldet mellom 1507,9 % øvst til 501,34 % nedst. Vassinnhaldet er høgast øvst i kjernen med ein maksimumsverdi på 2393 % ved 1 cm djup og fell gradvis til 501,34 % nedst i kjernen med ein lokal maksimumsverdi på 676,48 % ved 20 cm djup.

Tørrvekta i kjernen (Figur 13) varierer frå 6,22 % øvst i kjernen til 16,63 % nedst. Frå ein minimumsverdi på 4,01 % ved 1 cm djup stig tørrvekta gradvis fram til 12,5 cm med ein verdi på 16,34 % før kurva flatar ut. Ein lokal minimumsverdi opptre ved 20 cm djup med ein verdi på 12,88 %

Korrelasjonskoeffisienten mellom vassinnhald og tørrvekt i Svåi 1 kjernen er -0,95 (Tabell 5).

Svåi 2

I Svåi 2 kjernen (Figur 14) varierer vassinnhaldet mellom 1771,19 % øvst i kjernen til 672,44 % nedst. Frå ein lokal maksimumsverdi ved 2,5 cm – 2518,01 % fell vassinnhaldet ned til ein verdi på 731,22 % ved 10,5 cm før kurva flatar ut.

Tørrvekta i kjernen (Figur 14) er på 5,34 % øvst i kjernen og 12,95 % nedst. Tørrvekta har ein minimumsverdi på 3,82 % ved 2,5 cm derifrå stig verdiane opp til eit maksimum ved 17 cm på 14,94 % før verdiane igjen minkar.

Korrelasjonskoeffisienten mellom vassinnhald og tørrvekt er -0,95 gjennom heile kjernen (Tabell 6).

Store Krækkja 1

Vassinnhaldet i Store Krækkja 1 kjernen (Figur 15) er på 969,34 % øvst og 541,35 % nedst. Lokale maksimumsverdiar finst ved 6,5 cm på 975,18 %, ved 9,5 cm på 969,02 %, ved 15,5 cm på 983,92 %, ved 25 cm på 879,84 %. Lokale minimumsverdiar finst ved 6 cm på 602,20 %, ved 12,5 cm på 483,18 %, ved 18,5 cm på 558,98 %, ved 26 cm 524,93 %, og ved 27 cm på 580,10 %.

Tørrvekta i kjernen (Figur 15) har verdiar på 9,35 % øvst i kjernen og 15,59 % nedst i kjernen. Lokale maksimumsverdiar fell saman med minimumsverdiane i vassinnhald; 6 cm – 14,24 %, 12,5 cm – 17,15

%, 18,5 cm - 15,18 %, 26 cm – 16,00 % og 27 cm – 14,70 %. Minimumsverdiane i tørrvekt fell og saman med maksimumsverdiane i vassinnhaldet; 6,5 cm – 9,30%, 9,5 cm – 9,35 %, 15,5 cm – 9,23 % og 25 cm – 10,21 %.

Korrelasjonskoeffisienten mellom tørrvekt og vassinnhald i kjernen er -0,99 (Tabell 7).

Store Krækkja 2

Vassinnhaldet i Store Krækkja 2 kjernen (Figur 16) er på 499,20 % øvst og 714,47 nedst. Lokale maksimumsverdiar finst ved 3,5 cm på 807,35 %, ved 8 cm på 916,63 %, ved 15,5 cm på 1012,00 %, ved 16,5 cm på 1052,04 %, ved 21 cm på 949,18 %, ved 22,5 cm på 968,58 % og ved 28,5 cm på 936,35 %. Lokale minimumsverdiar opptre ved 5 cm på 546,03 %, ved 18,5 cm på 587,89 %, ved 22 cm på 606,46 % og ved 30 cm på 668,42 %.

Tørrvekta (Figur 16) utgjer 16,69 % øvst i kjernen og 12,28 % nedst. Lokale maksimumsverdiar fell saman med minimumspunkt i vassinnhaldet i kjernen; 5 cm – 15,48 %, 18,5 cm – 14,54 %, 22 cm – 16,16 og 30 cm – 13,01 %. Minimumsverdiane fell saman med maksimumsverdiane i vassinnhaldet på; 3,5 cm – 11,02 %, 8 cm – 9,84 %, 15,5 cm 8,99 %, 16,5 cm – 8,68 %, 21 cm – 9,53 %, 22,5 cm – 9,36 % og 28,5 cm – 9,65 %

Korrelasjonskoeffisienten mellom vassinnhaldet og tørrvekta i kjernen er -0,98 (Tabell 8).

Kristenvike 1

Vassinnhaldet i Kristenvike 1 kjernen (Figur 17) er på 835,11 % øvst og 885,40 % nedst. Lokale maksimumsverdiar opptre ved 7,5 cm på 1120,23 %, ved 14,5 cm på 1132,17 %, ved 18,5 cm på 1178,20 %, ved 20,5 cm på 1196,57 %, ved 24,5 cm på 1284,97 % og ved 25,5 cm på 1254,08 %. Lokale minimumsverdiar finn ein ved 2,5 cm på 767,19 %, ved 11,5 cm på 898,93 %, ved 19,5 cm på 939,22 % og ved 22 cm på 970,08 %. Vassinnhaldet i kjernen har ein aukande trend frå toppen og ned til 24,5 cm før vassinnhaldet igjen minkar.

Tørrvekta i kjernen (Figur 17) utgjer 10,69 % øvst i kjernen og 10,15 % nedst. Lokale maksimumsverdiar fell saman med minimumsverdiar i vassinnhaldet ved 2,5 cm – 11,53 %, 11,5 cm – 10,01 %, 19,5 cm – 9,63 % og 22 cm på 9,35 %. Lokale minimumsverdiar fell saman med maksimumsverdiar i vassinnhaldet; 7,5 cm – 8,20 %, 14,5 cm – 8,12 %, 18,5 cm – 7,82 %, 20,5 cm – 7,71 %, 24,5 cm – 7,22 % og 25,5 cm – 7,39 %. Tørrvektsprosenten er minkande frå toppen og ned til 24,5 cm der den igjen byrjar å stige.

Korrelasjonskoeffisienten mellom vassinnhaldet og tørrvekta i kjernen er -0,99 (Tabell 9).

Kristenvike 2

Vassinnhaldet i Kristenvike 2 kjernen (Figur 18) er på 1257,20% øvst og 918,49 % nedst. Lokale maksimumsverdiar finn ein ved 3 cm på 1233,38 %, ved 6,5 cm på 1376,47 %, ved 14 cm på 1282,43 %, ved 16,5 cm på 1283,96 % og ved 23,5 cm på 1245,56 %. Lokale minimumsverdiar eksisterer ved 1,5 cm på 863,82 %, ved 3,5 cm på 875,78 %, ved 8,5 cm på 761,26 %, ved 11,5 cm på 827,11 %, ved 16 cm på 806,42 %, ved 18 cm på 680,45 %, ved 20,5 cm på 755,53 % og ved 27 cm på 749,74 %.

Tørrvekta i kjernen (Figur 18) utgjer 7,37 % øvst og 9,82 % nedst. Dei lokale maksimumsverdiane i tørrvekta fell saman med minimumsverdiane i vassinnhaldet; 1,5 cm – 10,38 %, 3,5 cm – 10,25 %, 8,5 cm – 11,61 %, 11,5 cm – 10,79 %, 16 cm – 11,03 %, 18 cm – 12,81 %, 20,5 cm – 11,69 %, og 27 cm –

11,77 %. Lokale minimumsverdiar fell saman med lokale maksimumsverdiar i vassinnhaldet; 3 cm – 7,50 %, 6,5 cm – 6,77 %, 14 cm – 7,23 %, 16,5 cm – 7,23 % og 23,5 cm – 7,43 %.

Korrelasjonskoeffisienten mellom vassinnhaldet og tørrvekta i kjernen er -0,99 (Tabell 10).

Krækkjaungen 1

Vassinnhaldet i Krækkjaungen 1 kjernen (Figur 19) er på 632,55 % øvst i kjernen før det stig til 973,05 % ved 1 cm djup før det fell jamt til 16,68 % nedst i kjernen.

Tørrvekta i kjernen (Figur 19) utgjer 13,65 % øvst i kjernen, den har lågast verdi med 9,32 % ved 1 cm djup og stig deretter jamt til 85,71 % nedst i kjernen.

Korrelasjonskoeffisienten mellom tørrvekt og vassinnhaldet i kjernen er -0,88 (Tabell 11).

Krækkjaungen 2

Vassinnhaldet i Krækkjaungen 2 kjernen (Figur 20) stig ifrå 1053,92 % øvst i kjernen til 1414,07 % ved 6 cm djup før kurva får ein generelt fallande trend mot 669,34 % nedst i kjernen. Ekstra låge verdiar i vassinnhaldet finn ein ved 12 cm djup på 816,40 %, ved 21 cm på 670,78 % og ved 28 cm på 521,80 %.

Tørrvekta (Figur 20) utgjer 8,67 % øvst i kjernen og fell til 6,60 % ved 6 cm før det stig jamt til 13,00 % i botnen i kjernen. Ekstra høge verdiar opptrer ved same djup som ein finn ekstra låge verdiar i vassinnhaldet; 12 cm – 10,91 %, 21 cm – 12,97 % og 28 cm – 16,08.

Korrelasjonskoeffisienten mellom tørrvekta og vassinnhaldet er -0,97 (Tabell 12).

Øvrefetene

Vassinnhaldet i Øvrefetene torvsnittet (Figur 21) har eit maksimumsverdi på 787% ved 65 cm djup og ein minimumsverdi på 24% på 13 cm djup. Lokale minimumspunkt i vassinnhaldet finn ein ved 67,5 cm på 27,44%, ved 59,5 cm djup på 98,98%, ved 51 cm djup på 198%, ved 25 cm djup på 36,45%, ved 18,5 cm djup med 33,54% og mellom 15,5 og 5 cm djup der verdiane ligg under 35%.

Tørrvekta i snittet (Figur 21) varierer i motfase til vassinnhaldet. Maksimumsverdiane i tørrvekta fell saman med minimumspunkta i vassinnhald ved 67,5 cm på 78,47%, ved 59,5 cm på 50,26%, ved 51 cm på 33,56% ved 25,5 cm på 74,82%, ved 19 cm på 76,14% og mellom 15,5 cm og 5 cm med verdiar over 74,93%.

Korrelasjonskoeffisienten mellom tørrvekta og vassinnhaldet er -0,90

4.1.2. Glødetap

Lappsteinsvatnet 1

Glødetapet i Lappsteinsvatnet 1 kjernen (Figur 11) utgjer 17,08 % øvst og 1,06 % nedst. Frå ca. 5 cm til ca. 35 cm varierer glødetapet lite og ligg rundt 14-15 %. Frå ca. 35 cm stig glødetapet kraftig og kjem opp i over 28 % ved 42,5 cm djup. Glødetapet her varierer og mykje meir enn lenger oppe i kjernen og tre spesielt kraftige fall i glødetapet finst ved 47 cm djup på 15,77 %, 54 cm djup på 10,81 % og ved 57 cm på 7,43 %.

Korrelasjonskoeffisienten mellom vassinnhald og glødetap for heile kjernen er på 0,41. I dei øvste 40 cm er koeffisienten på 0,48 medan den i frå 40-68 cm er på 0,91. Korrelasjonskoeffisienten mellom

tørrvekt og glødetap er -0,63 for heile kjernen, 0,58 i topp 40 cm og -0,89 i dei nedste 28 cm (Tabell 3).

Kurva for glødetapsrest vil vere i motfase til glødetapet og ha ein korrelasjonskoeffisient -1.

Lappsteinsvatnet 2

Glødetapet i Lappsteinsvatnet 2 kjernen (Figur 12) utgjør 25,85 % øvst og 16,45 % nedst i kjernen. Frå toppen fell glødetapet raskt og frå ca. 11 cm djup varierer det rundt 15-16 %. Særskilt høgt glødetap finn ein ved djup på 7,5 cm på 20,74 %, ved 22,5 cm på 18,82 % og ved 29,5 cm på 20,77%. Særskilt lågt glødetap finn ein ved 10,5 cm djup på 12,25 %, ved 24,5 cm på 13,04 %, ved 37 cm på 13,10 % og ved 41 cm på 12,84 %.

Korrelasjonskoeffisientane mellom glødetap og vassinnhald og tørrvekt er på 0,45 for vassinnhald og -0,47 for tørrvekt (Tabell 4). Kurva for glødetapsrest vil vere i motfase til glødetapet og ha ein korrelasjonskoeffisient på -1.

Svåi 1

Glødetapet i Svåi 1 kjernen (Figur 13) er på 67,23 % i toppen før det fell til 45,08 % ved 8,5 cm, glødetapet stig deretter til 60,66 % ved 16,5 cm før det igjen fell til eit botnverdi på 44,13 % nedst i kjernen.

Korrelasjonskoeffisientane til vassinnhald og tørrvekt er på 0,65 og -0,61 (Tabell 5). Kurva for glødetapsrest vil vere i motfase til glødetapet med ein korrelasjonskoeffisient -1.

Svåi 2

Glødetapet i Svåi 2 kjernen (Figur 14) er 59,89 % øvst før det fell til 46,25 % ved 1 cm djup, deretter stig det til høgaste verdi på 62,90 % ved 2,5 cm før det igjen fell til 46,26 % ved 7,5 cm djup. Glødetapet held seg då jamt fram til 16,5 cm djup med 44,75 % før det igjen stig til 54,90 % ved 21,5 cm. Nedst i kjernen er glødetapet på 51,65 %.

Korrelasjonskoeffisienten til vassinnhaldet og tørrvekta er på 0,78 og -0,70 (Tabell 6). Korrelasjonskoeffisienten til glødetapsresten er på -1.

Store Krækkja 1

I Store Krækkja 1 kjernen (Figur 15) startar glødetapet på 34,84 % øvst før det fell raskt til 25,76 % ved 2,5 cm djup. Deretter ligg glødetapet på ca. 27 % med dei høgaste verdiane ved 5 cm på 28,60 %, ved 9,5 cm på 28,00 % og ved 27 cm på 28,15 cm. Nedst i kjernen er glødetapet på 26,71 %.

Korrelasjonskoeffisientane til vassinnhaldet og tørrvekta er på 0,30 og -0,27 (Tabell 7). Korrelasjonskoeffisienten til glødetapsresten er -1.

Store Krækkja 2

I Store Krækkja 2 kjernen (Figur 16) er glødetapet på 27,39 % i toppen av kjernen før det fell til ca. 25 % før det igjen har ein stigane trend opp mot 27,80 % ved 25,5 cm djup. Deretter stig glødetapet raskt til 33,03 % ved 31 cm djup før det igjen fell til 31,78 % nedst i kjernen. Spesielt låge verdiar i glødetapet finn ein ved 10,5 cm på 21,60 %, ved 19,5 cm på 24,18 % og ved 26,5 cm på 25,17 %.

Korrelasjonskoeffisienten til vassinnhaldet og tørrvekta er på 0,28 og -0,28, for glødetapsresten er den -1 (Tabell 8).

Kristenvike 1

Glødetapet i Kristenvike 1 kjernen (Figur 17) startar på 28,50 % øvst før det fell mot 26,08 % ved 5,5 cm djup. Deretter stig glødetapet mot 23,5 cm og 31,63 % før det avsluttar på 31,12 %. Ved 7,5 cm er har glødetapet ein ekstra høg verdi på 30,15 %.

Korrelasjonskoeffisienten til vassinnhaldet og tørrvekta er 0,72 og -0,73, og -1 til glødetapsresten (Tabell 9).

Kristenvike 2

I Kristenvike 2 kjernen (Figur 18) er glødetapet på 36,09 % øvst før det fell raskt til 26,59 % ved 4,5 cm. Deretter fluktuerer glødetapet rundt 28 % ned til 24,5 cm før det stig til 31,05 % ved 28 cm djup og endar på 30,78 % nedst.

Korrelasjonskoeffisienten til vassinnhaldet og tørrvekta er 0,05 og -0,05, til glødetapsresten er den -1 (Tabell 10).

Krækkjaungen 1

Glødetapet i Krækkjaungen 1 kjernen (Figur 19) startar på 26,87 % øvst i kjernen og stig til 28,97 % ved 1 cm djup. Deretter fell glødetapet med små fluktusjonar til 0,54 % nedst i kjernen.

Korrelasjonskoeffisienten til vassinnhaldet og tørrvekta er på 0,96 og -0,88, til glødetapsresten er den -1 (Tabell 11).

Krækkjaungen 2


I Krækkjaungen 2 kjernen (Figur 20) startar glødetapet på 23,77 % og endar på 23,94 % nedst. Glødetapet viser hyppige fluktusjonar imellom 21 og 25 % med dei høgaste verdiane ved 3 cm på 25,19 %, ved 23 cm på 24,89 %, ved 32,5 cm på 24,32 % og ved 38,5 cm på 24,37 %. Dei lågaste verdiane er ved 7,5 cm på 21,11 %, ved 10 cm på 20,59 %, ved 17,5 cm på 20,79 % og ved 31 cm på 20,79 %.

Korrelasjonskoeffisienten til vassinnhaldet og tørrvekta er på 0,26 og 0,20, til glødetapsresten -1 (Tabell 12).

Øvrefetene

Glødetapet i torvsnittet (Figur 21) på Øvrefetene er på 1,23% nedst i kjernen, har ein maksimumsverdi på 95,55% ved 52,5 cm djup og fell til verdiar under 4% mellom 15,5 og 5 cm før det igjen stig mot toppen. Andre minimumsverdiar i glødetapet finn ein ved 59,5 cm djup på 14,58%, ved 51 cm djup på 45,38%, ved 25,5 cm djup på 5,35% og ved 19 cm på 3,80%.


Korrelasjonskoeffisienten til vassinnhaldet og tørrvekta er på 0,90 og -0,96 og til glødetapsresten -1.




Figur 11. Glødetap, magnetisk susceptibilitet, glødetapsrest, vassinnhald og tørrvekt for Lappsteinsvatnet 1 kjernen.




Figur 12. Glødetap, magnetisk susceptibilitet, glødetapsrest, vassinnhald og tørrvekt for Lappsteinsvatnet 2 kjernen.



Figur 13. Glødetap, magnetisk susceptibilitet, glødetapsrest, vassinnhald og tørrvekt for Svåi 1 kjernen.




Figur 14. Glødetap, magnetisk susceptibilitet, glødetapsrest, vassinnhald og tørrvekt for Svåi 2 kjernen.




Figur 15. Glødetap, magnetisk susceptibilitet, glødetapsrest, vassinnhald og tørrvekt for Store Krækkja 1 kjernen.




Figur 16. Glødetap, magnetisk susceptibilitet, glødetapsrest, vassinnhald og tørrvekt for Store Krækkja 2 kjernen.




Figur 17. Glødetap, magnetisk susceptibilitet, glødetapsrest, vassinnhald og tørrvekt for Kristenvike 1 kjernen.




Figur 18. Glødetap, magnetisk susceptibilitet, glødetapsrest, vassinnhald og tørrvekt for Kristenvike 2 kjernen.



Figur 19. Glødetap, magnetisk susceptibilitet, glødetapsrest, vassinnhald og tørrvekt for Krækkjaungen 1 kjernen.



Figur 20. Glødetap, magnetisk susceptibilitet, glødetapsrest, vassinnhald og tørrvekt for Krækkjaungen 2 kjernen.



Figur 21. Glødetap, glødetapsrest, vassinnhold og tørrvekt for Øvrefetene snittet.

4.1.3. Magnetisk susceptibilitet

Lappsteinsvatnet 1

Den magnetiske susceptibiliteten i Lappsteinsvatnet 1 kjernen (Figur 11) fluktuerer rundt verdier på $0 \cdot 10^{-6} \text{SI}$. Små toppar i susceptibiliteten finst ved 1 cm, 2 cm, 17 cm, 54,5 cm og 57 cm djup. Frå 62,5 cm djup stig susceptibiliteten kraftig opp til høge positive verdier.

Korrelasjonskoeffisienten mellom magnetisk susceptibilitet og glødetapet er $-0,71$ for heile kjernen, $-0,25$ for dei øvste 40 cm og $-0,87$ for nedste del av kjernen (Tabell 3).

Lappsteinsvatnet 2

I Lappsteinsvatnet 2 kjernen viser den magnetiske susceptibiliteten (Figur 12) liten variasjon på verdier generelt rundt $0 \cdot 10^{-6} \text{SI}$. Lokale maksimumsverdiar finn ein ved 2,5 cm, 11 cm, 20,5 cm, 24,5 cm og 41 cm. Lokale minimumsverdiar finn ein ved 8,5 cm, 16 cm, 29 cm, 34,5 cm og 39 cm.

Korrelasjonskoeffisienten mellom magnetisk susceptibilitet og glødetapet er på $0,26$ for heile kjernen, $0,59$ for øvre 5,5 cm og $-0,44$ i nedre del av kjernen (Tabell 4).

Svåi 1

